

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29 Fylke: Nordland  
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Hattfjelldal  
 Emne: julenissen Bygdelag:  
 Oppskr. av: M. B. Gard: Åkervik  
 (adresse): H. dal Hattfjell-G.nr. 74 Br.nr. 6  
 dal

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

- 1 julenissen vert nok fyrst kjent gjennom julekort
- 2 julenissen ber nok fram berre småe gaver, slike kan kann ha mange av i sekken, og han får nok berre takk for arbeidet.
- 3 Det er helst gutar frå 10-15 år som vanleg er julenisse. Sjöløst må han vera staseleg,
- 4 med langt kvitt skjegg, fot- sid kappe, raud toppstue og helst lodne lappsko på føtene.
- 5 ein kjøper maske, det andre utstyret lagar ein sjølv.
- 6 Til juleboken må det vera heilt bokkrentstyre,
- 7 og hans deler aldri ut julegaver
- 8 Den nye julenissen, skal nok vera eit minne um dei "underjordiske" som sette farge på livet til dei gamle.
- 9 Og det var skikke den fyrste tida her trüdde folk, at dei bar ein liten godbit på låven til dei underjordiske

1. 2. Når ungdommen er ute om  
natta, finn dei alltid på eit  
eller anna lite fantastisk.

Slik har det alltid vore her  
i bygda.

3 Det har vore vanlig skikk  
her å skjenkja juledram om  
juledagsmorgonen. Verken i  
huset var då tidlegast oppe, og  
gjekk rundt og vekte husets folk  
med ein morgondram. Og quidda  
han ta grammane på senga gjekk  
han gjerne dit og med flaska.

B 4 Dei som seinare på dagen  
tjebden gjekk til ein annan  
gard, vart kalla "julpetter."

5 Det var vanlig at alle fekk  
noko nytt til jule. Det kunne  
sjølsagt vera berre årande lite  
dersom det var fattige folk.

Ein skikk.

Det var vanlig skikk her i  
bygda, at ingen måtte reisa  
frå garden utan å ha fått  
noko tilliv, "vått" eller "turt",  
første gongen ein var på garden  
i jula. Dette gjaldt då frå  
julaften til trettandedags.

For det avskjon frå garden utan  
å ha fått noko, så var det ut  
jula vart det sagt.

Den skikken blir brukt her enda.